

Frå landskapslov til landslov

Om nedskriving av lovtekster som mogleg del av ‘eit munnleg–skriftleg kontinuum’ i norsk mellomalder

Av Jan Ragnar Hagland

Føreliggjande studie jamnfører den språklege utforminga av eitt og same sakstillhøve på to ulike steg i gammal norsk retts historie: Gulatingslova og Magnus Lagabøtes norske landslov. Det gjeld her rettstillhøve kring ilanddriven kval og veiding av kval. Her vidarefører landslova heilt klårt dei rettsreglar som galdt i Gulatingslova. I kva grad, vert det då spurt, kan dei to utformingane av lovtekst her seiast å utgjera ulike steg i det som i andre samanhengar har vore omtala som eit “munneleg–skriftleg kontinuum”. Studien er meint som ein diagnostisk test på ei slik problemstilling i høve til gammalt norsk lovtilfang.

Innleiing

Det har vore vanleg å sjå ein del språkleg-stilistiske drag i dei eldste nordiske lovtekstene som uttrykk for det ein i internasjonal fagterminologi i dag gjerne omtalar som ‘orality’ – som innslag frå ‘oral law’ – lov på eit munnleg eller førlitterært steg, kan vi seia. Allitterasjon og assonans har m.a. gjerne vore sedde som slike drag i dei eldste lovtekstene (jf. Ståhle 1965: sp. 167–77). I seinare tid har dette med ‘orality’ og ‘literacy’ i tidleg nordisk rettspråk i ei viss monn vore tematisert og diskutert på nytt. Som det så ofte skjer, kan nok framstillingane av tidlegare oppfatningar om dette med munnlege og skriftlege særdrag ved tekstene då lett bli noko stiliserte og sette på spissen. Det kan allment sett vera mykje i det McGlynn (2009: 521) held fram når det gjeld den islandske lov boka *Grágás* i så måte: “A new analysis of the *Grágás* is needed that transcends the either/or fallacy that assumes either orality or literacy.” I alle fall kan

det både vera av språkhistorisk og kulturhistorisk interesse å sjå litt nærare på norsk lovmateriale frå mellomalderen i lys av dette med forholdet mellom munnlege og skriftlege særdrag i tekstene. I norsk samanheng er vi, som vél kjent er, i den heldige stilling at vi har overlevert parallelt lovmateriale frå ulike tidbolkar. Jamvel om handskriftmaterialet ymsar i alder, har vi grovt sett lovtilfang frå landskapslover (Gulating og Frostating når det gjeld verdsleg rett) på den eine sida og tilfang frå landslova – for heile landet på den andre. Tidsspennet mellom utformingane av ulike delar av landskapslovene og landslova kan ymsa. Men samla sett representerer likevel dette tilfanget lovspråk frå ulike tider – eit eldre steg (landskapslovene) og eit yngre (landslova). Det vi då kan spørja oss, er om lovtekst utarbeidd eller nedskreven til ulike tider syner ulikskapar når det gjeld dei forhold vi her har nemnt. Blir teksten meir skriftleg eller ikkje ettersom tida går kan vi t. d. spørja oss, eller sagt på anna vis, utviser lovtekstene noka endring i det som har vore omtala som ‘a literate mentality’ i faglitteraturen (jf. Clanchy 1993: 185ff.) ved omredigering og nyskriving frå eldre til yngre versjon av same lovstoffet? Vi vil i det følgjande som ein liten diagnostisk test freista jamføra eit avgrensa, tilfeldig valt, lovtilfang i landslova med tilsvarende lovstoff som er å finna i *Gulatinglova* og/eller *Frostatingslova* med tanke på slike spørsmål.

Før vi går vidare med dette, kan det i alle fall vera grunn til å minna om Carl Ivar Ståhles samanfattande merknader om nordisk lovspråk når det gjeld aspekt som dei vi her har å gjera med. Han seier m. a. følgjande om dette:

Det äldre medeltida nord[iska] lags[pråket] är i sina grunddrag ett av ämnet och den urspr. funktionen betingat, talat konstspråk, icke ett talspråk. Då skriften gjorde de mnemotekniskt motiverade stilmedlen praktisk överflödiga, miste det åtskilligt av sin ärvda fasthet, och nya krav kunde göra sig gällande. Men de syntaktiska och stilistiska mönstren levde kvar, och de lagar, som skriftfästes under 1200-talet och 1300-talets förra hälft, hade utan tvivel arkaiserande språkdrag som skilde dem från samtidens talade språk ... (Ståhle 1965: sp. 174f.).

Det synest som om Ståhle her i særleg grad har dei eldste svenske lovtekstene i tankane. Allment sett er hans posisjon likevel langt unna polariseringa mellom det reint munnlege og det reint skriftlege i det eldste nordiske lovstoffet vår tids diskusjon gjerne teiknar opp som utgangspunkt for vidare diskusjon. Polarisering som dette kan kanskje

gjera argumentasjon for eigne synspunkt tydelegare, men dekkjer ikkje nødvendigvis dei realitetar saka gjeld. Det er såleis ikkje så godt å vita kven det er argumentert mot når t. d. McGlynn i ein studie (2009: 521) held fram at “this article means to correct the theoretical model and metanarrative by means of which the Grágás has been misinterpreted as oral law.” m. v. Det kan difor i alle fall vera nyttig å ha Mark C. Amodios atterhald in mente når vi i det følgjande skal gå litt nærare inn på endring over tid av skriftfesta norsk lovspråk i mellomalderen. Amodio (2004: 1f.) seier det slik:

It may be appealing to portray the movement from orality to literacy in terms of a new technology and its subsequent complete displacement of an older one – a model of change with which we are especially comfortable, given the frequency with which we encounter it in contemporary society – but in the Middle Ages the interaction was not nearly so simple, sequential, and unidirectional as the *grand récit* of cultural development and progress has often posited it to be.

Om kval i landskapslov og landslov

Lat oss då i det følgjande først sjå litt nærare på lovgivinga kring funn av ilanddriven kval og veiding av kval – i landslova og i landskapslovene denne i høg grad har bygt på. Det dreiar seg om kapittel 64, første halvdel, i bolk VII (landsleigebolken) av landslova, som delvis byggjer på kapittel 149 i *Gulatingsslova*. Andre halvdel av kapitlet bygger delvis både på kapittel 150 i *Gulatingsslova* og på kapittel 10 i bolk XIV av *Frostatingslova*, men det siste skal vi la liggja i denne omgangen for ikkje å gjera det heile alt for uoversiktleg. Slik ser då tekstene vi skal samanlikna ut:

Magnus Lagabøtes landslov

VII: 64 (første halvdel)

Vm hualrekstra ef finnr hual

Hauldr er einfyndr at huall eða hualldi betri maðr .xviij. allna langum eða skemra. En sa er hualldr er hann hefir oðaul at erfðum tekit bæðe eptir faður oc moðor þau er hans forellrar hafa att aðr fyrir þeim oc eigi annara manna

odaul i at telia þau er með kaupum eru at komin eða vtterfðum. En halfu skemri hualr er einfyndr huerium manni annara. Nu hittir maðr hual einfyndan. þa skal hann firir uattum skera eða lata liggia eptir rygg samfastan oc hafuð oc sporð oc skal þat honum vitni bera ef eigi eru vitni til. Nu skal þannig flytia hual til landz sem uil oc skera þar oc bera a land upp. Nu ef landzdrottin telr at. at þeir spilltu annat huart akre eða eng. bæte skaða þann sem .vj. skynsamir menn meta oc leggi a landnam þeim er akr eða eng a. En ef hual legger a hælkn eða fioru þar sem engi er skaðe at. føere brott at osekiu þegar hann vil. Nu rekr hual a land manz huart sem rekr innan gardz eða vttan. þa a konungr halfan vttan finnanda spik huart sem hualr er meiri eða minni. Nu rekr hual i fiorð inn sua at skiota ma orfar odde vtt vm hual af huarutueggia lande þa æignazst huarttueggia land hual. En ef hualr stendr grunn aðr en menn uerða uarer uið oc þo at vttrunt se eða i holma reki. þa eignizt landzdrottin hual oc skipti sem aðr uar sagt. Nu rekr hual a markreinu þa a þat huar af hual sem iorð a vndir. Nu skal maðr ueiða hual huar sem hann ma vttan silldreka i silldfiski. En ef maðr skytr silldreka i silldfiski oc neckir sua guðs gíof. hann er sekr .viij. ertogum oc .xiiij. morkum silfrs uið konung. Nu ueiðir maðr hual oc sæuizt hann a diupi. þa a hann hual huart sem hualr er meiri eða minni. Nu skytr maðr hual oc rennir hann eða rekr a land upp. þa a sa halfan er ueiðir en hinn halfan er iorð a. Nu skytr maðr hual með markaðu skote oc finna hann aðrir menn a diupi. þa a sa halfan er skaut ef hann hefir vitni til skotz sins. en hinir halfan er biarga siðan. [NgL II: 146–47]

Gulatingsslova kap. 149

Her hefir hvalrette

Hauldr er einfyndr at hval. æða hauildi betri maðr. atian alna longum. En holfu minna hver annara manna. Nu hittir maðr hval. þa scal hann þann hval firi vattom skera. æða lata liggia eptir rygg oc hofuð. oc sporð. þa scal þat hanom vitni bera. ef hann hever eigi vitni til. Nu scal hann skera a diupi. oc bera eigi up a grøna torvo. En ef hann ber upp. þa a sa hval halvan er iorð a. nema hann leysi með landnáme út. ef hanom þyckir hvalr betri. Nu fer maðr hval at skera. þa er gras er þar sva mikit at fòðazt ma ær. oc lamb við. um sumar. þa scal leysa landname út. ef hann ber upp. Recr hval a iorð mannz. innan garðz. þann hval a sa er iorð a. Recr hval a iorð mannz utangarðz oc er meiri en einfyndr. þa a kononr halvan. en sa halvan er iorð a. Recr hval a fiorðu inn. sva at koma ma orvar odde út um. af hvarotveggia lande. þa eignasc hvartveggia land hval. nema út grunt se. oc stande hvalr sva utarla. þa eignasc þo land hval. Maðr scal veiða hval hvar sem hann ma. Nu veiðir maðr hval oc sòvezc hann a diupi. þa a hann hval hvárt sem hann er minni æða meiri. Nu skytr maðr hval oc høver. oc renner a land up. þa a sa halvan er veiðir en hinn

halvan er land a. Nu skytr maðr a hval i ato oc nøker Guðrsgæve. þa er sa maðr seccr. fiorom tigum marca. [Eithun m.fl. 1994: 108]

Jamføring av lovtekstene

Om vi då jamfører det landslova her seier om ilandreken kval og innjaging av kval m. v. med det som tidlegare fanst av lov om dette, ser vi klårt at juridisk sett har ein her lagt *Gulatingslova* til grunn og så justert denne noko. Vi kan bryta første halvdel av L VII: 64 opp i sine einskilde rettsreglar og vil då sjå at alt lovstoffet frå G 149 er teke inn i landslova om vi samanliknar dei to utformingane. Vi vil finna mindre interne ombyte i rekkjefølgda av nokre få av desse reglane (jf. t.d. intern plassering av rettsreglane i nr. 9 på lista nedanfor). I ein handskriftskultur som det vi her har å gjera med, vil det måtta bli ståande ope om slike variasjonar stammar frå handskriftsmaterialet den nye lovredaksjonen har bygt på, eller om det utgjer ein del av sjølve redaksjons- og avskrivingsprosessen ved utforminga av ny lov. Vi treng i alle fall å ha in mente at den skriftlege utforminga av *Gulatingslova* vi har hatt som utgangspunkt, er den vi finn i handskriftet DON VAR 137, 4to frå midten av 1200-talet (jf. Eithun & al. 1994, 20). Den utforminga av landslova vi samanliknar med, er i hovudsak AM 60, 4to frå ein going i første kvartal av 1300-talet.

Første halvdel av L VII: 64 kan altså brytast opp i det vi her skal kalla elleve rettsreglar eller grupper av rettsreglar. Desse vil då sjå ut som følgjer – med dei tilsvarande rettsreglane frå *Gulatingslova* til jamføring (L = *Landslova* og G = *Gulatingslova*):

L: Hauldr er einfyndr at huall eða haulldi betri maðr .xviij. allna langum eða skemra.

①

G: Haulldr er einfyndr at hval. æða haulldi betri maðr. atian alna longum.

L: En halfu skemri hualr er einfyndr huerium manni annara.

②

G: En holfu minna hveR annaRa manna.

L: Nu hittir maðr hual einfyndan. þa skal hann firir uattum skera eða lata liggja eptir rygg samfastan oc hafuð oc sporð oc skal þat honum vitni bera ef eigi eru vitni til.

③

G: Nu hittir maðr hval. þa scal hann þann hval firi vattom skera. æða lata liggja epter Rygg oc hofuð. oc sporð. þa scal þat hanom vitni bera. ef hann hever eigi vitni til.

L: Nu skal þannig flytia hual til landz sem uil oc skera þar oc bera a land upp. Nu ef landzdrottin telr at. at þeir spilltu annat huart akre eða eng. bœte skaða þann sem .vj. skynsamir menn meta oc leggi a landnam þeim er akr eða eng a.

④

G: Nu scal hann skera a diupi. oc bera eigi up a grøna torvo. En ef hann beR upp. þa a sa hval halvan er iorð a. nema hann leysi með landnáme út. ef hanom þyckir hualr betri. Nu feR maðr hval at skera. þa er gras er þar sva mikit at fòðazt ma ær. oc lamb við. um sumar. þa scal leysa landname út. ef hann beR upp.

L: Nu rekr hual a land manz huart sem rekr innan gardz eða vttan. þa a konungr halfan vttan finnanda spik huart sem hualr er meiri eða minni.

⑤

G: Recr hval a iorð mannz. innan garðz. þann hval a sa er iorð a. Recr hval a iorð mannz utangarðz oc er meiri en einfyndr. þa a konongr halvan. en sa halvan er iorð a.

L: Nu rekr hual i fiorð inn sua at skiota ma orfar odde vtt vm hual af huarutueggia lande þa æignazst huartueggia land hual

⑥

G: Recr hual a fiorðu inn. sva at koma ma orvar odde út um. af hvarotveggia lande. þa eignasc hvartveggia land hval.

L: En ef hualr stendr grunn aðr en menn uerða uarer uið oc þo at vttgrunt se eða i holma reki. þa eignizt landzdrottin hual oc skipti sem aðr uar sagt.

⑦

G: nema út grunt se. oc stande hualr sva utarla. þa eignasc þo land hval.

L: Nu skal maðr ueiða hual huar sem hann ma vttan silldreka i silldfiski.

⑧

G: Maðr scal veiða hval hvar sem hann ma.

L: En ef maðr skytr silldreka i silldfiski oc neckir sua guðs giof. hann er sekr .viij. ertogum oc .xiiij. morkum silfrs uið konung.

⑨

G: Nu skytr maðr a hval i ato oc nøker Guðrsgæve. þa er sa maðr seccr. fiorom tigum marca.

L: Nu ueiðir maðr hual oc sæuizt hann a diupi. þa a hann hual huart sem hualr er meiri eða minni.

⑩

G: Nu veiðir maðr hval oc sèvezc hann a diupi. þa a hann hval hvárt sem hann er minni æða meiri.

L: Nu skytr maðr hual oc rennir hann eða rekr a land upp. þa a sa halfan er ueiðir en hinn halfan er iorð a.

⑪

G: Nu skytr maðr hval oc høver. oc renner a land up. þa a sa halvan er veiðir en hinn halvan er land a.

Det vil altså seia at alt lovstoffet frá *Gulatingslova* kap. 149 er redigert inn i den yngre landslova, der det så er lagt til ei utfyllande presisering og tre nye rettsreglar. Ingen av desse er å finna i *Frostatingslova*, slik vi kjenner henne, så vi må rekna med at tillegga som er skilde ut nedanfor (a–d) er rettspraksis teke frå anna hald. Om det er tale om skriftleg eller munnleg overlevert stoff i tilfelle som dette, kan vi i dag ikkje seia sikkert. Her dreiar det seg i alle fall om følgjande lovstoff i landslova:

a. En sa er haulldr er hann hefir odaul at erfðum tekit bæðe eptir faður oc moðor þau er hans forellrar hafa att aðr fyrir þeim oc eigi annara manna odaul i at telia þau er með kaupi eru at komin eða vtterfðum. [mellom ① og ② ovanfor]

b. En ef hual leggr a hælkn eða fiuru þar sem engi er skaðe at. føere brott at osekiu þegar hann vil. [mellom ④ og ⑤]

c. Nu rekr hual a markreinu þa a þat huar af hual sem iorð a vndir. [mellom ⑦ og ⑧]

d. Nu skytr maðr hual með markaðu skote oc finna hann aðrir menn a diupi. þa a sa halfan er skaut ef hann hefir vitni til skotz sins. en hinir halfan er biarga siðan. [etter ⑩]

Drøfting

Kva vil så dette seia når det gjeld spørsmålet vi stilte oss i utgangspunktet – er det i eit tilfelleleg utdrag som dette noka synleg endring bort frå eit munnleg og mot det vi vil kunna sjå som eit skriftleg prega språk i overgangen frå eldre til nyare lov? Eller sagt på ein annan måte: Kan endringane som er gjort frå kap. 149 i *Gulatingslova* til det aktuelle lovkapitlet i landslova sjåast som uttrykk for endring i det vi kunne kalla medvititet kring det skriftlege (the literate mentality)? Og har dette i tilfelle noko å seia i ein språkhistorisk samanheng?

Det er i alle fall skilnad mellom dei to aktuelle lovkapitla om vi ser dei som tekst. Mest i augnefallande i så måte er vel presiseringa i landslova av kva ein *hauldr* er og ikkje er (pkt. a på lista med tillegg i L ovanfor). Ved sida av dette er det lagt til tre spesifikke rettsreglar (b–d)

som vi altså ikkje har parallellar til i det overleverte handskriftsmaterialet med landskapslover. Ein kan tenkja seg at dette er rettsreglar som er tekne inn i den nye lova med grunnlag i presedens frå pådømde saker like gjerne som frå skriftfeste rettsreglar. Reint språkleg dreiar tillegga seg om éin rettsregel innleidd med *en ef* og to med *nú*. Dette er båe grunn-typar som innleiing til rettsreglar både i eldre og yngre mellomalderrett (jf. KLMN 10: sp. 172–74, for grammatisk analyse jf. Christophersen 1993: 18–21) og kan som såleis neppe seiast å representera nokon skilnad i det vi her søkjer å sjå etter. Presiseringa av omgrepet *hauldr* i landslova kan òg vera motivert av, eller ha grunnlag i, pådømde saker der det har vore strid om definisjonen av termen. Den slags presisering *kan* sjåast som uttrykk for literacy på eit meir avansert steg enn det vi i dette tilfellet finn i landskapslovas tekstlege utforming. Der verkar definisjonen av termen *hauldr* å vera innforstått, medan den eksplisitte definisjonen og presiseringa i landslova *kan* oppfattast som meir skriftleg og såleis vera resultat av det vi ved eit tidlegare høve har kalla ein litterariseringsprosess (jf. Hagland 2005: 20).

I tillegg til dette er det i utforminga av dei elleve rettsreglane vi har skilt ut i lista ovanfor, både likskapar og skilnader landslova og landskapslova imellom som det kan vera verdt å leggja merke til i det litterariserings-perspektivet vi her har freista å leggja på stoffet. Vi kan sjå på dei parvis i den rekkjefølgda dei har på lista ovanfor:

Rettsreglane i pkt. 1 og 2 er til saman, som vi ser, ganske nær kvarandre i ny og gammal formulering av retten. Landslova er også her språkleg sett meir eksplisitt enn landskapslova, som til dels synest å ha konsensusprega eller innforståtte formuleringar. Den med *haulds* rang eller betre har i landslova rett til å vera *einfyndr* (ha einerett til å behalda funnet) når kvalen er atten alner *eða skemmr* – eller kortare, heiter det der. *Gulatingsslova* seier ‘atten alner lang’ kval. Denne presiseringa i landslova synest logisk i skriftleg utforming, når vi i det følgjande ser at halvparten så lang kval har einkvar annan mann einerett til å behalda. Det same innhaldet kan vi utleia av det *Gulatingsslova* seier i desse to rettsreglane, men der er det heile, som vi ser, uttrykt på ein mykje meir underforstått eller innforstått måte. Når då skilnaden mellom den atten alner lange kvalen som *hauldr* eller betre mann har rett til og den som er halvparten så lang først er tematisert, vil det juridisk sett vera tenleg å seia noko om det som ligg mellom desse dimensjonane. Det gjer då landslova, som seier at *hauldr* har retten til å behalda kval som er atten alner *eller*

kortare. Det kan sjåast som utfylling av eit slags juridisk tomrom i landskapslova. Slike eksplisiteringar må kunna sjåast som del av ein litteratiseringsprosess. I så måte synest omskrivinga til ny lov å ha utgjort eit steg vidare i mellomalderleg norsk lov-literacy.

Rettsreglane samla under nr. 3 på lista er òg temmeleg likt utforma i landslova og landskapslova. Også her er landslova språkleg sett aldri så lite meir eksplisitt enn lovstoffet ho byggjer på. Landslova presiserer at det dreiar seg om *hval einfynda* – kval finnaren har einerett på å behalda, medan *Gulatingslova* berre viser til funn av kval og lar det nok vera underforstått at det dreiar seg om det same saksforholdet som landslova gjer eintydig med si presisering. Kval som ein elles skal ha vitne til før oppskjering, skal i landslova *liggja eptir hrygg samfastan*, medan han i *Gulatingslova* berre skal *liggja eptir hrygg*. Det at kvalen då må vera udelt, *samfastr*, er jo ei logisk følge av at det er krav til finnaren om å skaffa vitne før oppskjeringa kan ta til. Også slike små språklege oppstramingar eller klårgjeringar i landslova kan nok sjåast som små steg vidare i ei skriftleggjing av teksten.

Når det så gjeld dei rettsreglane vi her har gruppert under pkt. 4 på lista, ser vi både skilnader i innhald og språkleg utforming, jamvel om dei samla sett gjeld nokolunde same saksforhold. Det dreiar seg om korleis ein skal te seg for å få skore flytande kval opp, og kva følgjer det skal ha for eigaren av landet der byttet må takast opp av sjøen. For ein som er oppvaksen med sildefiske og landnøter, verkar problemstillingane slett ikkje søkte! I *Gulatingslova* verkar synsvinkelen å vera landeigarens og ikkje kvalfinnarens: Finnaren må her for all del ikkje bera kvalkjøtet opp *á græna torfa* – på dyrka mark eller beitemark må vi gå ut frå. Om så skjer, skal jordeigaren ha halvparten av utbyttet. Landslova synest å ha gjort dette litt mindre konfliktskapande: Den som finn kval, skal få kvalen til lands, skjera opp og bera kjøtet på land. Først om jordeigaren klagar på at det er gjort skade, skal han etter landslova tildømmast bøter for at annan mann har brukt landet eller jorda hans ulovleg (= *landnám*). Landslova forenkler her rettsregelen noko i forhold til utgangspunktet i landskapslova. Der kan kvalfinnaren betala seg ut av plikta til å gi landeigaren halvparten av kvalen om han ønskjer å ha kvalen for seg sjølv (*ef hanom þyckir hualr betri*). Den nyansen er forsvunnen ved omskriving til ny lov. Også landslovas abstrakte formulering av eventuell skade på åker eller eng kan seiast å vera ei slag forenkling. Det synest i alle fall å vera eit tydeleg steg mot eit høgare nivå av literacy. Landskapslova er her heilt

konkret og viser ved eit daglegdags døme kva slags jord det dreiar seg om skadeverk på: Om det er slik at *gras er þar svá mikit at fæðazt má ær oc lamb við um sumar* – så mykje gras at ei søye og lamb kan leva på det om sommaren – då skal eigaren utløysast med bot for at annan mann har brukt jorda eller landet hans (*leysa landnáme út*), seier *Gulatingslova*. Vi kan godt sjå dette som eit døme på det Ong (1989: 49–57) kallar *situational rather than abstract* når han set opp kriterium på skilnader mellom orality og literacy. Det inneber då at formuleringa i landskapslova på punkt som dette språkleg sett er meir prega av munnleg utforma rett enn det landslova er. Landslova er elles litt meir eksplisitt når det gjeld kven som skal fastsetja kor stor bot som skal pådømmast for *landnám* i ei sak som dette. Dét synest også her å ha vore innforstått eller underforstått i landskapslova.

Rettsreglane under nr. 5 er i utgangspunktet nokså like i landsskapslova og i landslova, men likevel slik at ein nyanse i det juridiske utgangspunktet blir borte ved den generaliseringa som er gjort i landslova. I utgangspunktet, i *Gulatingslova*, er det gjort skilnad på om kval driv inn på grunneigars innmark eller utmark (*innangarðs* eller *útangarðs*). På innmark eig han kvalen åleine. Om det skjer på utmark, og det ikkje er tale om einefunn, skal kvalen delast halvt om halvt mellom grunneigar og konge. Landslova forenkler dette og aukar med det kongens rett til inntømt: Kongen skal ha halvparten anten kvalen driv i land på innmark eller utmark. Spekk som finnarlønn (*finnanda spik*) skal etter landslova likevel haldast unna ved slik fordeling av byttet. Det er nok ei sterkare kongemakt som her viser att i lovteksten. Det kan òg vera grunn til å registrera at rettsreglane i *Gulatingslova* her er av den typen som er “inledd med predikatet” (KLN 10: sp. 170). Denne typen er etter Carl Ivar Ståhle i vestnordisk lovspråk “ytterst sällsynt” og er i hovusak å finna som alderdommelege drag i *Borgartingslova* og *Gulatingslova* (op. cit. sp. 171). I landslova er desse konstruksjonane avløyste av ein *nú*-konstruksjon. Dette kan nok sjåast som ei språkhistorisk ajourføring og kan vel i så måte på indirekte vis innebera eit steg vidare i ein litterariseringsprosess.

Rettsreglane samla under nr. 6 på lista i det føregåande er så godt som identiske i dei to utformingane vi samanliknar. Einaste skilnaden er at også her er rettsvilkåret i *Gulatingslova* uttrykt ved verb i spiss-stilling, slik vi ser det under pkt. 5. På same måte som der, er denne språklege konstruksjonen bytt ut med *nú*-konstruksjon i landslova. Som under pkt.

5 ovanfor kan også dette tolkast som ei språkleg ajourføring og som såleis kanskje eit steg mot literacy på eit litt høgare nivå enn det landskapslova her ber i seg.

Når det så gjeld rettsreglane under nr. 7 på lista viser landslova ei vesentleg språkleg utbygging for å klårgjera eit saksforhold som synest ganske implisitt eller innforstått i den utforminga *Gulatingslova* gir. Lovformuleringa der er forma som ein motsetnad eller eit unnatak frå det rettsregelen under pkt 6 tematiserer: Spørsmålet om kva grunneigar det er som har rettar når kval rek inn i ein fjord, og det er om lag like langt til lands på bae sider. Rettsregelen under pkt 7 gjer då unnatak for det tilfelle at det er langgrunt og kvalen står fast nokså langt ute. Då skal likevel 'landet' ha rett på kvalen, heiter det. Underforstått må vel dette innebera at grunneigar til landet innafor då har rettane. Kor eintydig dette er, kan så avgjort diskuterast. Utforminga i *Gulatingslova* kan tyda på 'situational' heller enn abstrakt tankegang og ordlegging også på dette punktet, og at innforstått konkret kunnskap om saker har kunna vore til hjelp ved bruk av lovteksten. Det veit vi likevel ikkje så mykje om. Landslova teiknar i alle fall mykje klårare den rettssituasjonen det her dreiar seg om: Kval som har vorte ståande fast på grunna eller reke til lands på ein holme utan at nokon har sett det, skal tilfalla grunneigar. Denne synest det i eit tilfelle som dette å vera lettare å identifisera. Formuleringane må også her i den nye lova kunna sjåast som 'situational' snarare enn abstrakt og må som såleis ha vore uproblematisk ved utforming av ny rett. I alle fall tilkjenner landslova grunneigaren rettane til kvalen, men med følgjande viktige tillegg: *oc skipti sem áðr var sagt* – 'og det skal delast slik det før var sagt'. Den interne tilbakevisinga til noko som før er sagt i lova, skil seg i alle fall definitivt ut som ei følgje av at literacy i aukande grad no gjer seg gjeldande. I så måte er det også på dette punktet ein tydeleg skilnad mellom det vi her har kalla gammal og ny rett.

Rettsreglane under pkt 8 på lista er til dels samanfallande i landskapslova og landslova. Landslova føyer likevel til eit unnatak i retten til å veida kval kor ein kan komma til med det, slik det er uttrykt både i den gamle og den nye lova. Unnataket gjeld kval som følgjer etter sild under sildefisket (*útan sildreka í sildfiski*). Dette kan godt sjåast som redundant i landslova, ettersom både denne og *Gulatingslova* har ein eigen rettsregel om dét (pkt 9 nedanfor). Denne slags redundans må òg kunna sjåast som resultat av den skriftleggjinga redaksjonen av ny lov for heile landet i seg sjølv har innebore. Verdt å leggja merke til her er at *nú*-konstruksjo-

nen i rettsvilkåret kan synast å ha vore produktiv i lovspråket i andre halvdel av 1200-talet, ettersom han også her er nytta som alternativ konstruksjon til det *Gulatingslova* her har.

I rettsreglane under pkt 9 på lista er det då både i ny og gammal rett utmålt straff for å skyta kval, som følgjer etter sild under sildefisket slik landslova presiserer (*sildreka i sildfiski*). I *Gulatingslova* gjeld det *hval í átu*, ‘kval i åte’, og det er jo det same. Slik gjerning inneber at fangstmannen *næker guðrsgæve* i *Gulatingslova* og *neckir sua guðrs gíof* i landslova – ‘avviser eller forkastar Guds gåve’. For slik framferd skal det bøtast – i landslova skal bøtene også her eintydig gå til kongen. Igjen eit uttrykk for ei sterkare kongemakt får vi tru. Ingenting i utforminga av rettsreglane her kan elles seiast å innebera nokon skilnad i det vi ser etter i denne studien.

Rettsreglane samla under pkt 10 og 11 på lista er språkleg sett heilt identiske i dei to lovene vi her samanliknar. Det inneber då ingen skilnad i det vi her har freista å få tak på.

Avslutning

Om vi så søkjer å sjå samanfattande på dei endringar vi har observert i den omredigeringsprosessen nyskrivinga av kjent lovstoff her har innebore, synest det å vera to hovudaspekt det er verdt å leggja merke til, sett frå ein språkhistorisk synsvinkel: Det første er då at dette omredigeringsarbeidet systematisk viser større og mindre spor av det vi her og andre stader har kalla ein litterariseringsprosess. Det vil i praksis seia at lovspråket i landslova får litt meir preg av å vera skriftleg utforma tekst enn det skrivne lovstoffet det byggjer på. Nokre av dei kriteria som er nytta ovanfor for å påvisa at så er tilfelle, kan kanskje diskuterast – det er i alle fall med dette gjort framlegg om at dei heretter skal oppfattast slik. Det andre hovudaspektet ei samanlikning som dette får ganske klårt fram i lyset, er at juridisk språkbruk med den grad av literacy denne representerer i skriftlege utformingar av den eldre retten, i dette tilfellet *Gulatingslova*, i høg grad må ha vore oppfatta som gangbar for dei som i si tid redigerte og utforma den nye landslova i 1270-års Noreg. Som sett ovanfor, treng det ikkje vera så stor avstand i tid mellom nedskrivninga av dei to versjonane lov som vi her har samanlikna. Likevel synest

dei to utformingane av lovstoff å representera litt ulike steg i ein litterariseringsprosess.

Det må difor, ut frå ein liten diagnostisk test som det denne studien er, vera mogleg å generalisera litt vidare og seia at den skriftlege prosessen med ny lovgeving for heile landet i 1270-åra i seg sjølv ikkje utgjorde noko svært merkande eller definitivt steg vidare i høgmellomalderens litterariseringsprosess i Noreg. I skriftspråkhistorisk samanheng er det då truleg rettast å kalla lovrevisjonane med skrivning av ny lov for ein konsolideringsprosess. Det var med å gjera skrift og bruk av skriftspråk i samfunnet viktigare enn før og har nok òg vore med på å stabilisera sjølv skriftspråksforma på øvste nivå i samfunnet, slik Hagland 1986 har vore inne på før. Slik sett kan arbeidet med ny lov for heile landet seiast å ha ein viktig nok plass i norsk språkhistorie. I høve til språkenndring, eller det som i nokre samanhengar blir omtala som språkhistorisk utvikling, har dette arbeidet med lovstoff då etter alt å dømma like gjerne hatt ein konserverande som ein endringsfremjande verknad.

Litteratur

- Amodio, Mark C. 2004. *Writing the Oral Tradition. Oral Poetics and Literary Culture in Medieval England*. Notre Dame, Indiana: University of Notre Dame Press.
- Christophersen, Marit. 1993. *Setning og sammenheng. Syntaktiske studier i Magnus Lagabøters landslov*. ADH-Serien no 65. Kristiansand (Agder distrikthøgskole).
- Clanchy, M. T. 1993 *From Memory to Written Record. England 1066–1307*. 2nd ed. Oxford UK, Cambridge, USA: Blackwell Publishers Ltd. Første utg. 1978.
- Eithun, Bjørn m.fl. (utg.). 1994. *Den eldre Gulatingslova* = Norrøne tekster nr. 6. Oslo: Riksarkivet.
- Hagland, Jan Ragnar. 2005. *Literacy i norsk seinmellomalder*. Oslo: Novus forlag.
- . 1986. *Riksstyring og språknorm. Spørsmålet om kongskanselliets rolle i norsk språkhistorie på 1200- og i første halvdel av 1300-talet*. Oslo: Novus forlag.

JAN RAGNAR HAGLAND

KLNM = *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder 1–22*. Oslo-Stockholm-København 1956–78.

McGlynn, Michael P. 2009. Orality in the Old Icelandic *Grágás*: Legal Formulae in the Assembly Procedures Section. *Neophilologus* 93, 521–536.

NgL = *Norges gamle Love indtil 1370* I–V. Christiania 1846–95.

Ong, Walter J. 1989, *Orality & Literacy. The Technologization of the Word*. Reprint London and New York: Routledge. First published 1982: Methuen & Co Ltd.

Ståhle, Carl Ivar. 1965. Lagspråk. I: *KLNM* 10, sp. 167–77.

Jan Ragnar Hagland

NTNU

Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap

7491 Trondheim

jan.ragnar.hagland@ntnu.no